

Kyrkjebladet

for Bremanger 2. nov. 2022

Årg. 98



Olga og Dima håpar krigen tek slutt.

Støtt
kyrkjebladet!
Vipps
696974

Sei noko om Jesus!



Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutsleg ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrert over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av vennen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg

på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med vennen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørslе på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Biskop Halvor Nordhaug

JULEHELING FRÅ ORDFØRAREN



Det er snart jul, og tid til ettertanke for året som om litt er omme. Etter to år med pandemi hadde det vore fint om vi kunne kvittert ut året som har gått med optimisme og glede. Dessverre så vil 2022

gå inn i historiebøkene som eit år fylt med utrygghet, redsel og harme over den krigføringa som Russland framleis fører mot Ukraina. Vi kjenner nok alle på denne usikkerheita og trusselen som er rundt oss. Vi klarer knapt forstå lidinga, og redselen den Ukrainske befolkninga lid under.

I Norden og Europa har vi heldigvis klart å stå samla. Vi har i fellesskap teke avstand, og vi hjelper til der vi kan med ulike tiltak for å hjelpe alle dei uskuldige som er ramma av denne meiningslause krigføringa. I Bremanger kommune har vi så langt teke imot 24 Ukrainske flyktningar, og vi vil sannsynlegvis nærme oss rundt 30 personar før årets slutt.

Alle er til no busett i Svelgen, dei har fått

seg ein fin og trygg stad å bu, og alle har fått tilbod om å gå på norsk opplæring. Ungane går i barnehagen, på skulen og har fått kunnskap om ulike fritidsaktivitetar i Svelgen bygda. Vi håpar dei finn seg godt til rette, og at vi alle tek dei godt i mot.

Eg vil nytte høvet å rette ei stor takk til alle som hjelper til med å ivareta våre nye landsmenn, det betyr så mykje at vi viser sympati, omtanke og inkluderer dei i lokalmiljøet vårt.

Jula er ofte ei fin tid, der vi finn roen frå ein elles travel kvardag. Ei fin tid der vi legg vekt på å kose oss saman med våre nærmaste. Ei tid der vi finn på kjekke aktivitetar som å spele spel, syngje eller invitere til eit godt måltid. Eg håpar at de alle i løpet av denne jula kan klare å stenge ute omverden, og nyte julefreden. Det vil gjere godt både for liten og stor.

Jula er gjerne ei høgtid der vi legg vekt på å legge til rette for fine samankomster med slekt og venner, denne jula håpar eg vi hugsar å invitere med naboen, eller ein i nærmiljøet som vi veit som vil sitte mest aleine. Det kostar så lite og betyr så mykje.

Eg ynskjer dykk alle saman ei fredeleg julehelg, og deler med dykk ein av mine favoritt julesongar.

Hugs at alle treng varme og omtanke for å kunne skine!

Ordførar Anne Kristin Førde

Nordnorsk julesalme.

Tekst og melodi: Trygve Hoff

Velsigna du dag over fjordan. Velsigna du lys over land.
Velsigna de evige ordan om håp og ei utstrakt hand.
Verg dette lille du gav oss den dagen du fløtta oss hit.
Så vi kjenne du aldri vil la oss forkomme i armod og slit.

Vi levde med hua i handa men hadde så sterk ei tru.
Og ett har vi visserlig sanna: Vi e hardhausa vi, som du.
Nå har vi den hardaste ria, vi slit med å karre oss frem
mot lyset og adventstida, d'e langt sør te Betlehem.

Guds fred over fjellet og åsen. La det gro der vi bygge og bor.
Guds fred over dyran på båsen og ei frossen og karrig jord.
Du ser oss i mørketids landet, du signe med evige ord.
Husan og fjellet og vannet og folket som leve her nord.



NY PROST I NORDFJORD – MARI SALTJKJEL FRÅ VÅGSØY

Mari Saltkjel frå Måløy har vore prost i Nordfjord sidan april og ho trivst i si nye stilling. Ho vaks opp i Vågsøy, og har mange gode minner frå leirstaden Fjordly frå barne og ungdomsskuleår. Med konfirmantpresten Arvid Helle samtalte Mari om prestekall, og ho begynte å tenke på presteutdanning. Mari kjem frå ein lærarfamilie så det vart likevel lærarutdanning i Bergen. Så blei ho utvekslingsstudent i Uppsala og der kom lysta attende – til teologistudier. Mari trivdes særst godt i Uppsala, både med studiar og feministteologi som ho var særleg interessert i, og samvær med svenske studentar. Kontakten heimover blei ivareteken av sommarjobb som prest fleire somrar på ulike plasser i Nordfjord. Slik fekk ho også sin første prestestilling i 2008 i Hornindal, seinare blei ho prest i Måløy.

Kva er det kjekkeste i prestejobben?

Eg har alltid vore prest i Bjørgvin og i Nordfjord prosti, både i Ytre og i Indre Nordfjord. Så eg har eit sterkt hjarte for Nordfjord og for alle bygdene og kyrkjelydane her. Eg set pris på høvet til å få utvikle meg som teolog og at eg får vere med på å inspirere og utvikle arbeidet vidare i ei tid som blir veldig viktig for kyrkja – både nasjonalt og lokalt.

Kva har endra seg - frå prestejobben i Måløy til prost i Nordfjord?

Det er ei merkbar større arbeidsmengde, med eit annleis ansvar og også omfang. Eg kan av og til sakne dei kyrkjelege handlingane og arbeidet lokalt i kyrkjelydane – for det er jo prest eg er.

Er den største utfordringa å skaffe nok prestar til prostiet?

Eg delar utfordringa som så mange har i Noreg. Det er klart at det å rekruttere nye prestar er ei utfordring og krev både kreativitet og eit stort kontaktnett. Mange timar går til å ta kontakt og fortelje om eit flott sted med rause kyrkjelydar og gode kollegaer og tilsette. Det har vi her i Nordfjord. Men eg merker at vi konkurrerer med mange om få. Det vil bli krevjande, men eg er ikkje motlaus.

Hvilke utfordringer vil du gi til kyrkjelydane i Nordfjord?



Mari Saltkjel blei innsatt som prost av biskop Halvor Nordhaug 3.april 2022 i Eid kyrkje. Foto Halgeir Lade.

Eg vil mest av alt takke for alle frivillige som bidrar på så mange ulike måtar i Nordfjord. Det er viktig, og det er nødvendig at vi anerkjenner dette mangfald av lagarbeid som skjer kvar einaste veke i kyrkja vår. Og så vil eg oppmode til å feire gudsteneste – til Guds ære, men også for eigen del og for kyrkjelyden. Det å vere frivillig og det å bidra med litt eller mykje, det er både bygdene våre og kyrkjelydane våre avhengige av. Og eg vil utfordre alle sokneråd om å fortsette å inspirere og invitere fleire til alt frå eit lite oppdrag til forpliktande frivillig teneste over tid. Den aller største grunnen til at folk ikkje deltar i frivillig arbeid i kyrkjelyden sin er faktisk at dei ikkje er blitt spurt. Det vil eg oppmode om å våge å gjere – mykje oftare enn vi faktisk gjere.

I 2023 er det soknerådsval samstundes med kommune og fylkestingsval, korleis skal vi få folk til å si ja til å stå på vallista til soknerådet?

Det er mange som har tankar om kyrkja si og det som skjer i den, men ikkje like mange som takkar ja til å faktisk få vere med på å påvirke dette. Vi må kanskje bli flinkare til å forklare at det å vere med i soknerådet ikkje er uoverkommeleg eller krevjer meir av dei som stiller til val at dei faktisk bryr seg om kyrkja si. Resten lærer ein fort. Og det er eit lagarbeid, ein skal ikkje klare alt aleine.



Konfirmasjon i Frøya kyrkje 28.05.22. Framme frå v.: Tor Rylandsholm Stenseth, Nora Brenden Frøyen, Kristian Brenden Frøyen, John Exequiel Vega Franco, Ole Kristian Johannessen Langø. Bak frå v.: konfirmantlærar Kari M Vadøy, Petter Myrheim Gulestøl, Ragnar Myrheim Gulestøl, sokneprest Dag Leirvik. Foto: Knut Arne Vadøy



Konfirmasjon i Bremanger kyrkje 21.mai 2022. Frå v.: Sokneprest Dag Leirvik, Lola Morgane Collian-der, Martha Kinggam Skomsøy, Kristine Ploden Eikeset, Vilde Degnepoll Terdal, konfirmantlærar Kari M Vadøy. Bak frå v.: Olai Svarstad, Stian Vike, Aron Brekke, Aleksander Da Silva Grotle, Jørgen Værø. foto: Olaug Grotle.

OLGA OG DIMA PÅ NYBØ VED SMØRHAMN

Olga og Dima på Nybø ved Smørhamn har kvar dag kontakt med familien heime i Kyiv i Ukraina. Krigen har gjort mange ting vanskeleg, og dei har ikkje vore på besøk til familie sidan 2019. Først var det pandemien som skapte vanskar, og no er det krigen. Men til sommaren neste år håpar dei å kunne besøke sine kjære i Kyiv.



I Olgas familie har krigen ført til splitting og mindre kontakt. Etter Russlands angrep på Ukraina først i 2022 har ho knapt kommunisert med far sin i Russland, og anna familie i Moskva. Mens derimot ei søster som bur i Sibir, og som ikkje støtter krigen, ho klarar Olga å ha kontakt med. Men det er ikkje lenger mogleg å sende henne pengar. Ufreden i familien handle dessverre om -for og imot Putin og krigens galskap. Olga og Dima har no budd nokre år på Nybø, den vesle plassen er ein stor kontrast til millionbyen Kyiv der dei blei kjent og gift i 1993.

Dima er født og oppvaksen i Moldova, Transnistria, eit område som i 92 kom i krig med Moldova og ville ha sjølvstende. I praksis har dei det nå, men Transnistria er

ikkje anerkjent internasjonalt som eiga stat. Han fortel om ein draum han fekk som ung, om å bu i Kyiv, sikkert påverka av eit besøk dit med mor si. Så ble det også slik, etter militæret flytta Dima til Kyiv som 21 åring. Olga og Dima blei kjent i pinsekyrka, kjærleiken blomstra og dei gifta seg i 93. Etter nokre år fekk dei sonen Arsenii som nå bur i familiens leilegheit i Kyiv ilag med bestemor si, Olgas mor.

Olga vaks opp på ulike plasser i Sovjet, Baltikum og Sibir for faren jobba i forsvaret. Ho husker at kvar sommar var det ferie i Kyiv hos bestemor, så slik blei millionbyen ein fast plass i hennar liv. Då var det naturleg også å bli student der i 85, seinare fekk Olga også 1 år på bibelskule i Latvia. Dima hadde ulike jobbar i Kyiv, var montør, sjåfør og mekanikar,

blant anna hos Peugeot. Begge var med på frivillig basis i pinsekyrkja, der Olga tykte det var kjekt med barnearbeid. Samtidig var det vanskelege økonomiske tider, og Dima starta å tenke på om det kunne vere arbeid i Norge. Han søkte fleire gonger om visum til Norge, og etter eit par forsøk blei det flytting til Norge i 2012 og arbeid med elektroinstallasjon hos Tobias båt i Austrheim. Etter nokre år der fekk han lyst på eige hus. Men kor? Jo i august 2015 kjøpte han hus på Nybø. - Det var som eit mirakel frå Gud. Mange skaffar seg først jobb, så bustad, men for Dima var det eit rimeleg hus som starta flytteprosessen. Men kort tid etter innflytting fekk han jobb hos Pelagia i Kalvåg. Dima seier med et ordtak, oversett til?: «viss ein mann har nakke får han jobb».

Etter at Dima hadde flytta ble det slik at kvar sommar kom Olga og sonen på besøk til Nybø og Smørhamn, og endeleg kunne ho også flytte til Bremanger i 2016.

Kvar søndag kl.1800 ringer Dima heim til mor si i Transnistria. - Sist eg traff ho var i Kyiv i 2019, vi håpar at det blir mogleg å møtes til sommaren.

Familiens leilighet i Kyiv har ikkje blitt direkte råka av krigen, men ein nær slektning av Olga opplevde bombing av blokka der ho bor nær hovudstaden. Taket blei øydelagt, vinduer knust og deler av bomba kom rett inn i leiligheta. No har dei eit prosjekt med å få taket i orden. Vi kan sjå for oss korleis det

er, vi har fått mange trassige foto frå Ukraina med bomba og øydelagde hus.

For Olga og Dima er det det vanskeleg å sitte i rolege Bremanger å få daglege meldingar frå krigen. Dei ber til Gud om fred, og prøver å gi økonomisk støtte. – Ukraina vinner krigen seier dei begge, - ja eg er heilt sikker legg Olga til. Men det vil ta lang tid å gjenoppbygge heimlandet. Dei ber vesten om å framleis sende våpen og støtte økonomien til Ukraina. Begge er dei imponert over nabolandet Polen som har opna grensene og tatt imot så mange flyktningar.

Dei blir buande på Nybø for dei trivst veldig godt, og det er trygt å ha ein stabil økonomi. Men Olga legg til at for ho kan det bli litt stille, ho som er veldig sosial og utadvent, og ho sakne familien. Samstundes opplever Olga at folk hjelper til og er veldig snille. – dei er veldig gode for meg. Begge er dei ofte å sjå i kyrkja ved gudstenester. Ja dei tar turen både til Frøya og Bremanger, og til Berle om det høve! - Kyrkja er veldig viktig for oss, vi trur på Gud. Kvar søndag er det viktig å komme i kyrkja om det er mogleg. Olga er med i barnearbeidet, i torsdagsklubben i Kalvåg og mandagsklubben på Hauge. Dima er med i kammerkoret, og dei som husker konserten på Ryland minnes kor sterkt det var å høyre dei begge syngje den Ukrainske nasjonalsongen. Det er ikkje mogleg å seie når det blir slutt på krigen!



Torsdagsklubben i Kalvåg der Olga er med, og ein kan også skimte leiar Kari M Vadø.

HENNØYSTRANDA 26.JUNI

Mange har gjeve gode tilbakemeldingar om denne sommarsøndagen på Hennøystranda. Båten frå Smørhamn og Leirgulen blei nær full med 60 personar, og nær 75 stk., var samla til ein innhaldsrik dag. Dei fleste tilreisande, nokre hadde vore der før, litt hyttefolk, og med leiar i bygdelaget Grete Førde Hennøy som god lokal arrangør. Og vi trefte Ansgar Hennøen som nå er einaste fastbuande igjen på Hennøystranda. At denne gudstenesta og kulturvandringa blei så minnerik heng også saman med at Sverre Stokke deltok. Ein kan seie at hans bok «Å kome til, og fare frå» var opptakten og inspirasjon til dagen.

Timane gjekk fort meinte folk, men med innleigd båt til veglause Hennøystranda måtte vi følgje ruta sjølv om mange ville vere der lengre. Været blei bra utover dagen. Vi gjekk opp bakken frå kaia til gravplassen. Der var første samling med gamle kjære salmar og ord frå boka til Sverre Stokke. Så gjekk vi vidare til gamleskulen og gudsteneste. Også nå korte glimt med historier frå Hennøystranda, om ei

gamal tid fleire tiår attende. I gamleskulen er det nå ikkje straum og vatn, det gjekk greitt sjølv om vi satt trongt og nytta kvar plass, og nokre blei ståande ute på «kyrkjebakken». Med brakt niste smakte godt mens ein satt attmed elva og prata med folk. Mange fekk også tid til å sjå garden til 86 år gamle Ansgar som bur åleine i Hennøystranda. Ikkje heilt åleine, folk kjem heim, på helgetur, hjortejegerane, og ikkje minstsommargjestane held liv i grenda.

Sverre Stokke:

*Denne dagen var spesiell og sterk.
Ekstrabåt som måtte skiftast ut med ein
større på grunn av stor interesse
for friluftsgudsteneste i ei nesten aude bygd,
med usikkert ver...*

*Alle som kom i land! Det tok liksom ikkje
slutt...*

*Dei mange som song godt med i salmane.
Bibeltekstar, tydelege, godt lesne. Dei mange
blanke auga.*

Den tilmålte tida gjekk svært fort !



Grete Førde Hennøy er leiar av bygdelaget, og på spørsmål om korleis ho opplevde dagen svarer Grete - Det vart ein veldig rørende dag. At så mange ville komme til Hennøystranda var uventa. Kulturvandringa med opplesing frå boka til Sverre Stokke og gudstenesta i skulehuset vart ei oppleving. Vi fekk snakke med mange som slekta derifrå, som hadde vore der for lenge sidan, eller var der for første gong. Alle er hjarteleg velkomne tilbake, gjerne til gudsteneste også.

Ho fortel også at bygdelaget har fått vedtak på overtaking av skulehuset, og no er klare til dugnad. - Malingsarbeidet er starta, taket har vi redda foreløpig med å få på plass noko skifer som mangla og vi har redda nokre vindauge som heldt på å ramle ut. Det er mykje arbeid igjen, men det klarer vi. Det er nokre som lurar på kva ei så lita bygd som Hennøystranda skal med eit slikt hus. Det skal vere eit bygdehus der dei som har hus og hytte møtast og vi håpar på mange besøkande ønskjer å bruke skulehuset. Ein kan også bli støttemedlem av Hennøystranda bygdelag.

DL

Foto: Kjell Askeland



SAMTALE MED BRITA HAUGLAND

DUGNAD FOR KYRKJA HUGSAR HO – VI HAR FRIVILLIGHETENS ÅR I ÅR.

Brita fortel at då ho vaks opp i ein syskenflokk på 4 i Rugsund bygda før 2. verdskrig var det høgtid med preikesøndagane. Det var alltid mykje folk i kyrkjebenkane under gudstenestene. Det var lite med veier mellom bygdene – bilar slett inkje – men folk kom gåande eller i robåten. Presten kom frå Davik i robåt, seinare med motorskys. Den la til ved Prestebrygga nedanfor kyrkja.

Brita tykkjer fellesskapen i kyrkja søndag føreremiddag er noko spesielt godt. Noko anna enn ei radiopreike heime i stova åleine, sjølv om også den gjev ro og er ei fin stund.

Då kyrkja vår vart utvida og ombygd - vigsla 6. august 1912 – var det stor dugnadsinnsats av bygdefolket. Materialane til kyrkja kom på land på «Prestevorren» Der vart det stor iver med å bere alt opp til kyrkja. Bygdefolket møtte mannjamt fram og arbeidet gjekk med liv og lyst. Då skiferlasta til kyrkjetaket kom, vart det dugnad med å køyre skiferen frå Bakkesjøen, sjølv sagt med hest og kjerre, inn i Hessevågen. Kyrkjegarden i Hessevågen var og for grunn. Då førde dei hestar i båt til Rugsund – også frå nordsida av fjorden. Så dreiv dei på og køyrde leire – dag etter dag – frå elveosen ved Vågselva og fylte på slik at det vart djup nok jord. Arbeidet er truleg det største som har vore gjort på dugnadsbasis på våre kantar. Ingen kravde betaling. Turen med robåt som Samson Skorpen og nokre karar med han - gjorde til Kløvningen for å hente kvit sand til vegen opp frå sjøen til kyrkjetrappa er og eit døme på kor arbeidsvillige folk var på den tida, og kva interesse dei synte for kyrkjestaden sin. Berre det beste var godt nok meinte dei.

Prost Eide og kona var svært kunstintereserte og fekk mykje av æra for den fine utsmykinga kyrkja vår fekk. Det vart sett i gang innsamling i krinsane slik at dei fin-fine glasmaleria vart gåve til kyrkja. Eide og kona gav sjølve 2 glasmaleri til minne om einaste dottera deira - Liv – som døydde 14 år gamal. Glasmaleria vart

leverte av Firma Jørgensen i Kristiania.

Kyrkjelyden synte si takksemd til Eide ved at dei fekk måla eit måleri av presten sin. Lærar Hilde stod for denne innsamlinga. M. Lindemann måla biletet og det vart hengt opp på nordre langvegg i kyrkjeskipet. Brita minnest at ho som barn sat i kyrkjebenken under gudstenesta og såg på denne gamle mannen utan då å veta kor stort arbeid han hadde gjort for at kyrkja vår vart så fint utsmykka. Biletet måtte flyttast. Kyrkjeordninga var slik. No heng det i våpenhuset. Berre spikaren står att i veggen inne i kyrkja!

Som ein ser er dugnad og frivillig arbeid ikkje noko nytt. Brita tykkjer det er kjekt når ein ilag får til noko for fellesskapen. Alt trengs ikkje reknast i kroner og øre.

Brita har vore med i soknerådet nokre periodar. Ho minnest at dei fekk til mange fine



ting i fellesskap. Det kom ynskje om forlovarstolar. Brudestolar var i kyrkja frå før. Det vart sendt ut bøn til utflyttarar frå soknet om støtte. Resultatet var overveldande. Stolar kom på plass – laga i Hornindal der brudestolane var laga. Det vart pengar til overs som vart nytta til kyrkjegardskappe for presten, bokhyller bak i kyrkja, og resten vart grunnlaget for det som seinare vart innsamla til «Bauta over krigsoffera frå 2. verdskrig frå soknet». Eit fint tiltak!

Då det vart bygd bårhus/Sanitæranlegg ved kyrkja, tykte mange det var litt «framandt» at det vart måla raudt. Brita tykte det og. Neste

måling vart og raud. Då det etter fleire år trongs nytt vedlikehald var Brita glad då det var gjeve løyve til endring. Ho tykte huset vart fint – og i stil med kyrkja – då ho hadde lagt på tredje strøket MED KVITMÅLING!

Når ho no har runda 90 år, vert det nok ikkje så mykje meir dugnadsarbeid heretter, meiner ho. Ho har framleis nøkkel til kyrkja, og har visning for dei som ynskjer det slik ho har hatt i mange år saman med Sonja.

«Ynskjer nokon å sjå denne fine kyrkja vår, formidlar eg gjerne det eg veit om dette vakre huset. Vi lever no i frivillighetens år!» seier Brita.

Stein Oldedal

FRILUFTSGUDSTENESTE I BERLE

Søndag 31. juli var det klart for årets utegudsteneste i Berle. Slik vèret har vore denne sommaren, var ikkje dette noko sjølvfølge. Dagen starta grå og regntung, men blei lysare og lettare etter kvart. Og då gudstenesta starta, skein sola og temperaturen var fin!

Ein fin flokk var samla i sjøkanten på Allmenningskaia i Berle då den gamle skipsklokka ringde. Dag prest leia gudstenesta, og han snakka om dei to store boda som det står skrive om i Matteus 22.37. Om menneska sin kjærleik til Gud, nesten sin, og seg seg sjølv.

Til slutt i gudstenesta utfordra presten kyrkjelyden til å fortelje om si sommarglede, og mange ulike ting kom fram.

Det vart ei fin og høgtideleg stund på den idylliske staden, og eit flott oppmøte!

Anne Kristoffersen.



FRÅ KYRKJEVERJE -

I år har fellesrådet fått ferdigstilt arbeidet med tilstandsanalyser av kyrkjebygga i kommunen.

Som venta vart resultatet nok så nedslåande og viste at det er store utfordringar på dei aller fleste av våre gudshus. I åra som kjem vil vi jobbe for å sette kyrkjene i så god stand som overhovud mogleg.

I år har det vore ein del mediaoppslag angående kyrkjene og som resultat av dette og dei ytringar som har kome fram, har eg som kyrkjeverje motteke ein del spørsmål frå folk, kor ein har uttrykt frykt og uvisse angående våre kyrkjer, særleg med tanke på om ein må gå til det steg å stenge eller legge ned nokre av dei.

La meg få lov til å berolige dei som lever i uvisse om dette. Å stenge ei kyrkje vil i alle høve være ei mellombels ordning, dersom fysiske årsaker som reparasjon eller vedlikehald osb. ligg til grunn, men å legge ned ei kyrkje er i denne kommunen korkje opp til sentraladministrasjon, politikarar eller kyrkjeverje og vil dermed ikkje skje.

Kyrkjene våre er signalbygg, og for dei fleste av oss eit symbol på noko som er større enn oss sjølve.

Dei er der både i gode og tunge stunder. Dei er der frå vogge til grav og dei er der i vår tru og når vi tviar, som eit fyrtårn som viser oss veg.

Gravplassane våre har også i år vore stelt på ein sær s tilfredsstillande måte, på tross av



at sumarhalvåret har vore av det våtaste slaget. Stell av gravplassane er for mange, likeså viktig som anna arbeid som utføres av fellesrådet.

Det vert arbeidd med ferdigstilling av ny parkeringsplass ved Frøya kyrkje. Og i år har vi von om at Berle kyrkje endeleg skal få installert automatisk ringeanlegg.

Det har vore nokre endringar i personalet i fellesrådet i år. Ein av våre oppsynsmenn, og to organistar har slutta og vi arbeider med å erstatte desse.

Når dette kyrkjebladet kjem ut vil vi begynne å nærme oss jul.

Som kyrkjeverje vil eg nytte høvet til å takke alle tilsette og frivilljuge i kyrkja for samarbeidet i året som har gått, og eg vil nytta høvet til å ynskje alle i Bremanger ei god og fredeleg jul og eit riktig godt nytt år.

Mvh Bjarki Asgeir Hrafnsso, kyrkjeverje



Utdeling av 4 årsbok 18.september 2022 i Svelgen kapell.

TAKK!

Kyrkjelyden i Rugsund skuldar ei **STOR TAKK** til dei lokale «glade gjevarane» av den rause pengegåva kyrkja vår har fått. Desse var interesserte i å vere med på kostnaden då vi arbeidde med å få automatisk ringing på kyrkjeklokka. Sidan vi då – etter ei velskriven «bøn» til Olav Thon om støtte, ført i pennen av Oslojenta Wenche med mor frå Rugsund, møtte stor velvilje og ei pengegåve på kr. 200,000,- til føremålet, vart dette finansiert med desse midlane.

Så kom det fram ønskje om Grøn Messehaket til kyrkja. Den fargen er den mest brukte i kyrkjeåret, og den mangla hjå oss. Då gjevarane høyrde det, kom det på ein blunk Kr. 20,000,- inn på konto til føremålet. Dei har tidlegare gjeve pengar til prosesjonskorset vi har fått. Soknerådet har hatt arbeidet med tingingar etc. og grøn messehaket er komen på plass. Det viste seg at der var midlar til meir, og det er no tinga FOT til prosesjonskorset slik at det får ein fast plass å stå. Alt dette for den flotte gåva. Stor takk for hjartelag og velvilje! To lokale damer har brodert – i hardangersaum – dekke til nattverdiskalk. Frivillig arbeid og dugnadsånd lever i beste velgåande i bygdene.

Varm helsing og takk frå heile kyrkjelyden, ved Rugsund sokneråd.

Klassisk konsert i Bremanger kyrkje 18. mars kl.18:00

Musikk av mellom anna D. Buxtehude, J. S. Bach, Thomas Tallis og John Rutter



Bremanger kammerkor & Vereide kyrkjekor

Dirigent/cembalo/orgel/piano: Jarle Grotele og Dorothee Raschwitz

Sopran solist: Synnøve Randi Nordvik

Bass/bariton solist: Bjørn Gisle Seter

1. Fiolin: Henri Eftevand

2. Fiolin: Otto Ose

Bratsj: Simona Fraas Johnsen

Cello: Henrik Silfverhielm



Synnøve



Bjørn Gisle

Juletreff i Kalvåg bedehus – 4.juledag 28.desember kl.1700.

Tradisjonsrik juletreff for små og store. Arrangør: soknerådet og bedehuset.



RUGSUND – BRYLL



18.juni Margrethe Oma og Marcus Osdal



9.juli Isabell Førde og Karl Erik Jørgensen

UPSKYRKJA 2022



30.juli Anne Johanne Skaar og Thomas S. Olsen



3.september Anne Sofie Knapstad og Jakob Vea Mosvoll



VELKOMEN TIL KYRKJE

BERLE KYRKJE

- 27.11.22 11.00 FØRSTE SØNDAG I ADVENT. KYRKJEKAFFE.
- 24.12.22 13.00 JULAFTAGUDSTENESTE
- 08.01.23 14.00 GUDSTENESTE – VI SYNG JULA UT.
- 12.02.23 14.00 GUDSTENESTE. ÅRSMØTE.
- 02.04.23 11.00 PALMESØNDAGSGUDSTENESTE
- 09.04.23 14.00 GUDSTENESTE PÅSKEDAG
- 18.05.23 11.00 GUDSTENESTE
- 28.05.23 14.00 GUDSTENESTE

BREMANGER KYRKJE:

- 11.12.22 11.00 ADVENTSGUDSTENESTE MED KONFIRMANTANE
- 24.12.22 15.00 JULAFTAGUDSTENESTE
- 08.01.23 11.00 GUDSTENESTE – VI SYNG JULA UT.
- 29.01.23 11.00 GUDSTENESTE. UTDELING AV BIBEL TIL 5. KLASSE
- 12.02.23 11.00 GUDSTENESTE. ÅRSMØTE.
- 05.03.23 11.00 GUDSTENESTE V/STEIN OLTEDAL
- 06.04.23 18.00 GUDSTENESTE SKJÆRTORS DAG
- 09.04.23 11.00 GUDSTENESTE. BARNEKORET DELTEK.
- 30.04.23 11.00 GUDSTENESTE M/KONFIRMANTANE
- 13.05.23 12.00 KONFIRMASJON
- 17.05.23 12.15 GUDSTENESTE
- 28.05.23 11.00 GUDSTENESTE PINSEDAG
- 11.06.23 11.00 GUDSTENESTE. UTDELING AV 3-ÅRSBIBEL
- 25.06.23 11.00 GUDSTENESTE

FRØYA KYRKJE:

- 04.12.22 11.00 ADVENTSGUDSTENESTE MED KONFIRMANTANE
- 25.12.22 11.00 GUDSTENESTE JULEDAG
- 31.12.22 16.00 NYTTÅRSGUDSTENESTE
- 22.01.23 11.00 GUDSTENESTE
- 05.02.23 11.00 GUDSTENESTE. UTDELING AV BIBEL TIL 5. KLASSE. BARNEKORET DELTEK.
- 26.02.23 11.00 GUDSTENESTE. ÅRSMØTE
- 19.03.23 11.00 GUDSTENESTE
- 07.04.23 11.00 GUDSTENESTE LANGFREDAG
- 10.04.23 11.00 GUDSTENESTE. KAMMERKORET DELTEK.
- 23.04.23 11.00 GUDSTENESTE M/KONFIRMANTANE
- 06.05.23 12.00 KONFIRMASJON
- 17.05.23 10.00 GUDSTENESTE
- 29.05.23 11.00 GUDSTENESTE 2.PINSEDAG
- 11.06.23 16.00 GUDSTENESTE. UTDELING AV 3-ÅRSBIBEL



DAVIK KYRKJE:

25.12.22	11.00	JULEGUDSTENESTE
31.12.22	21.00	NYTTÅRSGUDSTENESTE
05.02.23	13.00	GUDSTENESTE. UTDELING AV BIBEL TIL 5. KLASSE
05.03.23	14.00	GUDSTENESTE. ÅRSMØTE.
26.03.23	11.00	GUDSTENESTE. UTDELING AV 3-ÅRSBIBEL
09.04.23	11.00	GUDSTENESTE PÅSKEDAG
23.04.23	16.00	GUDSTENESTE.
07.05.23	11.00	GUDSTENESTE. KONFIRMANTSAMTALE
17.05.23	13.00	GUDSTENESTE
28.05.23	13.00	KONFIRMASJON PINSEDAG
18.06.23	16.00	GUDSTENESTE

MIDTGULEN KYRKJE:

26.12.22	12.00	JULEGUDSTENESTE V BRITT MULELID
22.01.23	17.00	GUDSTENESTE
12.03.23	11.00	GUDSTENESTE
09.04.23	16.00	GUDSTENESTE
20.05.23	12.00	KONFIRMASJON

RUGSUND KYRKJE

25.12.22	13.00	JULEGUDSTENESTE
05.02.23	11.00	GUDSTENESTE. UTDELING AV BIBEL TIL 5. KLASSE
12.03.23	13.00	GUDSTENESTE. UTDELING AV 3-ÅRSBIBEL. ÅRSMØTE.
06.04.23	20.00	GUDSTENESTE.
18.05.23	11.00	GUDSTENESTE
27.05.23	10.30	KONFIRMASJON
11.06.23	16.00	GUDSTENESTE HUNSKÅR

SVELGEN KAPELL

24.12.22	15.00	JULAFTAGUDSTENESTE V BRITT MULELID
29.01.23	16.00	GUDSTENESTE. UTDELING AV BIBEL TIL 5. KLASSE
05.03.23	18.00	GUDSTENESTE. ÅRSMØTE
02.04.23	11.00	GUDSTENESTE. UTDELING AV 3-ÅRSBIBEL. FRUKOSTKL. 10.00. PALMESØNDAG
07.04.23	11.00	GUDSTENESTE LANGFREDAG
23.04.23	11.00	GUDSTENESTE
07.05.23	16.00	GUDSTENESTE. KONFIRMANTSAMTALE.
17.05.23	10.30	GUDSTENESTE
27.05.23	13.00	KONFIRMASJON
18.06.23	12.00	UTEGUDSTENESTE I SVELGEN SENTRUM.

ÅLFOTEN KYRKJE:

11.12.22	11.00	GUDSTENESTE MED ÅLFOTEN SKULE
24.12.22	11.00	JULAFTAGUDSTENESTE V BRITT MULELID
22.01.23	11.00	GUDSTENESTE.
26.02.23	16.00	GUDSTENESTE. ÅRSMØTE
02.04.23	14.00	GUDSTENESTE. UTDELING AV 3-ÅRSBIBEL OG BIBEL TIL 5. KLASSE.
17.05.23	11.45	GUDSTENESTE
28.05.23	10.30	KONFIRMASJON PINSEDAG

Døpte



BREMANGER SOKN:

- 31.07.22 Ada Russenes Torvanger (Åsane)
21.08.22 Leonel Luca Elde
02.10.22 Kristen Riiber Førde-Pettersen
16.10.22 Ariana Isabelle Mercado Wathne

FRØYA SOKN:

- 12.06.22 Martine Svarstad Nygård (Askøy)
14.08.22 Kian Johan Koi Gulestøl
11.09.22 Emrik Frøyen Førde

MIDTGULEN SOKN:

- 11.06.22 Attalie Gulhaugen Skaanevik
03.07.22 Boris Marchewa
21.08.22 Trygve Talsæte Rise

ÅLFOTEN SOKN:

- 28.08.22 Isak Skålbones Midthjell (Nordfjordeid)

- 15.07.22 Petter Vågene f. 1968
27.07.22 Johan Napsholm f. 1951
29.07.22 Ruth Birkelid f. 1928
02.08.22 Solveig Ellinor Zachariassen f. 1927
12.08.22 Oddbjørg Gjerde f. 1936
18.08.22 Olav Igland f. 1931
19.08.22 Magnar Helge Liseth f. 1961
16.09.22 Oddmund Leirvik f.1936

DAVIK SOKN:

- 31.08 Karin Lund f.1938

Vigde

RUGSUND SOKN:

- 18.06.22 Margrete Oma og Marcus Osdal
09.07.22 Isabell Marie Førde og Karl Erik Jørgensen
30.07.22 Anne-Johanne Skaar og Thomas Skarmyr Olsen
03.09.22 Anne Sofie Knapstad og Jakob Vea Mosvoll

BREMANGER SOKN:

- 16.07.22 Anita Hauge og Guttorm Ryste Gulbranson
16.07.22 Ann Katrin Grotle og Connor Smith, kyrkjeleg velsigning
24.09.22 Marion Svarstad og Svenn Melstveit

MIDTGULEN SOKN:

- 17.06.22 Vivian Fernanda de Oliveira Deschamps og Martinus Alfredsen Førde
02.07.22 Birgitte Sagebø Kolseth og Jon Atle Rise

DAVIK SOKN:

- 02.07.22 Kristine Warberg og Daniel Hoel, kyrkjeleg velsigning

Gravlagde



BERLE SOKN:

- 09.08.22 Solveig Anna Nyborg f. 1932

BREMANGER SOKN:

- 10.06.22 Agnes Varpe f. 1921
14.06.22 Anton Karl Senneset f. 1933
24.06.22 Bjarne Førde f. 1943
26.07.22 Willy Igland f. 1959
03.08.22 Rolf Otto Ryland f. 1950
28.08.22 Martha Johanna Kjerpeset f. 1945
02.09.22 Bjørg Undis Ryland f. 1932
09.09.22 Rolf Eikeset f. 1950
21.10.22 Møyfrid Nygård f. 1927

FRØYA SOKN:

- 28.06.22 Anna Pernille Frøynes f. 1930
06.07.22 Berit Alvhild Frøyen f. 1937
05.08.22 Ottar Martin Frøyen f. 1935
16.08.22 Alvhild Karen Muri f. 1932

MIDTGULEN SOKN:

- 01.07.22 Jostein Mjåseth f. 1937
02.07.22 Åse Kjelkenes f. 1926
05.07.22 Oline Gudrun Øvrebotten f.1919
07.07.22 Rolf Henrik Svarstad f. 1925

Støtt
kyrkjebladet!
Vipps
696974

Til alle husstandane i Bremanger!

Bremanger Indremisjon tilsette Irene Lågeide i ei 10 % stilling som barne- og ungdomsarbeidar frå 01.04.2022.

Arbeidsoppgåvene blir å drive Mandagsklubben for 3 år – t.o.m. 3. klasse og Hobbyklubben for 4.-10. klasse. Klubbane har samling annakvar måndag på Hauge bedehus. Å opprette ei stilling, krev pengar til lønn. Vi vil starte ei gjevartjeneste for å få inn pengar til lønn.

Vi oppfordrar folk til å bli faste gjevarar. Ein kan betale inn ein gong i månaden, eller ein, to eller fire gongar i året. Beløpet bestemmer ein sjølv. Ein kan også gje eit eingongsbeløp.

Vil du gje, kan du sette pengane inn på konto 3705.49.70251, Bremanger Indremisjon, Gjevartjeneste.

Du kan også bruke vipps. Vipps til 740941, Bremanger Indremisjon, Gjevartjeneste. Dersom du ynskjer å få skattefrådrag på gåvene, må du nytte eit anna kontonummer. Gåvene må då sendast til Indremisjonsforbundet 8220.02.80632, og merkast med Sogn og Fjordane, prosjekt Bremanger Indremisjon. Bruk skjemaet på baksida.

Du kan også opprette gjevartjeneste på www.imf.no – Gi gave – Støtt lokale IMF prosjekter (nede til høgre) – Sogn og Fjordane, Prosjekt Bremanger Indremisjon.

Ved å bruke QR-koden under, kjem du rett til denne sida.

Har du spørsmål, ta kontakt med Asbjørn Førde, tlf. 95921985.

På førehand; Tusen Takk!

Helsing styret i Bremanger Indremisjon



Namn · tid · stad

www.kyrkja.no/bremanger

SVELGEN KYRKJEKONTOR (rådhuset 1. etg.): Tlf. 916 10 469

Kyrkjeverje Bjarki Asgeir Hrafnsson – tlf. 91 70 65 95

bjarki.hrafnsson@bremanger.kommune.no

Bjarki Asgeir er tilgjengeleg på kyrkjekontoret i Svelgen måndag, tysdag og torsdag, og på kyrkjekontoret på Hauge onsdag og fredag.

Stein Oltedal, fungerande sokneprest i Indre Bremanger – tlf. 970 08 600

stein.oltedal@bremanger.kommune.no

Britt D. Mulelid, saksbehandlar/trusoplæring – tlf. 916 39 340

britt.mulelid@bremanger.kommune.no

BREMANGER KYRKJEKONTOR, HAUGE Grotleveggen 141

Dag Leirvik, sokneprest i Berle, Bremanger og Frøya – tlf. 917 32 150

dag.leirvik@bremanger.kommune.no

Marit Steinset, kontormedarbeidar, tlf. 908 05 83, **marit.steinset2@bremanger.kommune.no**

Ho har kontordag onsdag morgon og full dag fredagar. Dersom du ynskjer ein samtale med presten utan å bli uroa av andre, så ring og avtal på førehand.

KYRKJEBLADET FOR BREMANGER

Kasserar: Asbjørn Førde, 6727 Bremanger. **Ansvarleg redaktør:** Dag Leirvik

Redaksjonsmedarbeidarar: Marit Steinset og Britt D. Mulelid. I tillegg har kvart sokneråd ein representant som er ansvarleg for å samle inn stoff til bladet frå eige sokn.


Utgjevar: Sokneråda i Bremanger. Økonomien er basert på frivillige gåver.

Bankgironummer: 3776.20.58139

Grafisk produksjon: E.Natvik, Florø

Du finn no «Kyrkjene i Bremanger» på Facebook!





Laurdagsgraut i Svelgen kapell laurdag 03.12 kl. 13.00

Soknerådet i Midtgulen inviterer barnefamiljar spesielt, og etter middag vert det eit lite opplegg for borna. Vi har alle bruk for å knytte kontakt med andre. Alle velkomne.

PÅMELDING:

Vi treng å vite kor mange som vi skal lage graut til. Vi bed om at de innan torsdag 01.12 ringjer Britt på kyrkjekontoret på tlf 91639340



Krybbevandring i Svelgen kapell med barnehagen.

Returadresse: Svelgen Kyrkjelydskontor, Rådhuset, 6723 Svelgen

Abonnement utanbys og oppseiingar av Kyrkjebladet for Bremanger skal gå til:
Svelgen kyrkjekontor (Rådhuset 1. etg.), tlf. 916 10 469
britt.mulelid@bremanger.kommune.no